● Fem år med song og dans

# Uhørt ut på cd

Ideen var å gi ungdom ein trygg arena der dei kunne utvikle songpotensialet sitt og få sceneerfaring.



**SCENESHOW:** Cd-aktuelle Uhørt i Brattvåg har øvt og laga sceneshow gjennom fem år. 30. desember held dei reunion-konsert i Ingebrigt Davik-huset, med både gamle og nye innslag.

No er song- og dansegruppa Uhørt i Brattvåg ute med sin første cd, fem år og sju live show etter oppstarten i 2011.

– Vi er ikkje noko kor, vi kallar oss songgruppe. For oss er eit kor ein gjeng med songarar som står rett opp og ned og syng. Vi likar å danse i tillegg, og lagar sceneshow med koreografi, fortel styreleiar i den 20 medlemmar store gruppa, Synne Remme Reitan (17), som har vore med i fire år.

**Juleplate**

Onsdag var det releaseparty i ID-huset.

Her framførte Uhørt dei de seks låtane dei har spelt inn på cd, med musikk av blant andre Leonard Cohen, Johan Farnham og Ingebrigt Davik.

– Det er ei juleplate, men vi dansar til der det passar, og brukar elles enkel koreografi, fortel Synne.

Melodiane dei har med er «Det står eit lys over Betlehem», «Shake Up Christmas», «Hallelujah», «The Rose», «You´re the Voice» og ««Night before Christmas», med melodi og tekst av songgruppa sin initiativtakar og motivator, Turid Skjelten.

– Arrangementet er skrive av pianist og komponist Håvard Sveås, som også spelar piano på cd-en.

– Noko av musikken arrangerer eg, og noko lagar ungdommane sjølve, fortel Skjelten.

Resten av bandet på plata består av Håvard Caspersen på gitar, Geir Kristian Breivik på bass og Bernt Roar Baade på trommer. Plata er produsert av gruppa sin faste lydteknikar Sverre Walderhaug, mens Terje Hansen står for lyssetting.

**Utfordring**

Nokon dirigent vil ikkje songgruppa Uhørt ha.

– Det sa dei klart frå om då vi starta gruppa for fem år sidan. Som vaksen og ansvarleg leiar er jo det ei utfordring.

– Her er det mange ynskjer og idear, og då blir det ein balansegang å finne ut kva som er gjennomførbart i forhold til meistringsfølelsen, seier Skjelten.

**Reunion**

Lille nyttårsaftan, 30. desember, blir det reunion-konsert i Ingebrigt Davik-huset, gruppa sin faste tilhaldsstad gjennom alle år.

Då blir dei rundt 40 songarar på scena, tidlegare medlemmar inkludert.

Her spelar også Uhørt sitt faste band, med Kjetil Strand, Ivar Holsvik, Lars Øverås og Bjørn Skjelten.

KARIN RYKKJE
kr@smp.no



## Vassendgutane kjem til Volda

Laurdag 3. desember står Vassendgutane på scena på Rokken i Volda. Konserten er ein del av bandet sin 20-års jubileumsturné.

Dette blir ein av dei siste konsertane med steelgitarist Alf Rune Melby. Han sluttar til nyttår, og blir då avløyst av Henning Antonsen.

Dette er dessutan den einaste spelejobben Vassendgutane har i Volda i år.

## Mer Kvikkas-kritikk

– Det er et helvetes kaos og helt umulig for en stakkars avisredaktør som meg å finne ut av hvem som har skylden. Det eneste jeg vet, er at problemene ikke var der før Kvikkas kom på banen, sier redaktør Bjarne Tormodsgard i Hallingdølen til Klassekampen.

De fire lørdagene med ombæring i regi av logistikkselskapet Kvikkas har vært et sammenhengende mareritt for redaktøren i den prisbelønte avisen i Ål i Hallingdal. Av Hallingdølens nærmere 9.000 abonnenter, har Kvikkas ansvaret for å dele ut 800 lørdagsaviser i Flå og Nore og Uvdal.

Han og flere andre lokalavisredaktører krever nå at samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen (Frp) sier opp avtalen med Kvikkas.

Pengene som departementet vil spare, om lag 200 millioner kroner over en toårsperiode, må brukes på å få på plass en løsning som fungerer, er kravet.

Daglig leder Stig Kleive i Kvikkas mener distribusjonen av lørdagsaviser er langt bedre enn inntrykket som blir skapt i mediene.

– Vi jobber på spreng sammen med avisbransjen med å forbedre presisjonen i utleveringen av lørdagsaviser. Vårt inntrykk er at det bare blir bedre og bedre fra uke til uke, sier Kleive til Klassekampen.

NTB



Sunnmørsposten

# været

**FREDAG** 2. DESEMBER **2016**



**KONRAD**

Magnus Carlsen er blitt sår i halsen. Slik går det når man blir utsatt for trekk.

## NORDVESTLANDET I DAG

Tiltykning til sludd. Temperatur mellom -3 og 6 grader. Middel vind for området er lett bris.

Dagen er blitt **14:28** kortere siden sommersolverv.




Værkartet leveres av nyhetsgrafikk.no

Værdata levert av Meteorologisk institutt ca. kl. 14.00 i går

## NORGE I DAG




### ... I GÅR

| | NORGE | NORDVEST-LANDET |
|---|---|---|
| VARMEST | Landvik 10.6 °C | Bingsa 8.6 °C |
| KALDEST | Trysil Veg-stasjon -17.8 °C | Mannen -7.2 °C |
| MEST VIND | Sand-hornøya - 25.2 m/s | Bingsa 21.2 m/s |
| VÅTEST | Storfor-shei 60.0 mm | Ørskog 37.3 mm |

## LANGTIDSVARSEL FOR NORDVESTLANDET

Ganske sikkert* Noe usikkert Usikkert *Mer om sannsynlighetsvarselet: http://www.yr.no

| | Ålesund | Ørsta | Sykkylven | Vestnes | Geiranger | Fosnavåg | Stryn | Stad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Lørdag | 4 3-7m/s | 3 0-3m/s | 3 2-5m/s | 3 0-3m/s | 2 2-5m/s | 5 3-7m/s | 1 2-5m/s | 4 3-7m/s |
| Søndag | 8 8-12m/s | 6 3-7m/s | 7 3-7m/s | 8 3-7m/s | 6 4-8m/s | 8 7-11m/s | 5 2-5m/s | 7 7-11m/s |
| Mandag | 7 7-11m/s | 7 3-7m/s | 7 3-7m/s | 7 3-7m/s | 7 6-10m/s | 7 5-9m/s | 5 2-5m/s | 7 5-9m/s |
| Tirsdag | 3 5-9m/s | 2 3-7m/s | 3 2-5m/s | 4 2-5m/s | 3 3-7m/s | 3 3-7m/s | 2 2-5m/s | 3 3-7m/s |

## EUROPA I DAG




### ... I MORGEN

| | |
|---|---|
| Alanya | 11/17 |
| Alicante | 10/16 |
| Aten | 14/16 |
| Barcelona | 5/14 |
| Berlin | -2/0 |
| Dublin | 1/6 |
| Helsinki | -5/-3 |
| Kreta | 12/19 |
| København | -1/4 |
| Las Palmas | 22/25 |
| Lisboa | 15/16 |
| London | 0/4 |
| Madrid | 4/9 |
| Nice | 9/14 |
| Paris | 2/4 |
| Riga | -2/-1 |
| Roma | 9/15 |
| Stockholm | -4/-1 |

## NORDSJØEN

| | I dag | I morgen |
|---|---|---|
| Troll | 7/7 | 8/8 |
| Gullfaks | 5/6 | 7/8 |
| Statfjord | 6/6 | 8/8 |
| Veslefrikk | 7/7 | 8/9 |
| Frigg | 7/7 | 8/9 |
| Ekofisk | 9/8 | 8/8 |

## TURVÆRET

| | I dag | I morgen |
|---|---|---|
| Reindalsseter | -2/-2 | -2/0 |
| Standalhytta | 1/-1 | 0/2 |
| Finnøya | 6/6 | 4/4 |
| Runde | 6/6 | 4/5 |
| Strynefjellet | -5/-5 | -5/-3 |
| Bjorli | -3/-3 | -3/-3 |
| Ørskogfjellet | 0/1 | 0/1 |

## SISTE 30 DØGN

**Nedbør** i mm i Ålesund siste 30 døgn




**Maks. temperatur**




Ålesund: **FLO** i dag: 00:16/12:23 i morgen: 00:52/12:56 **FJÆRE** i dag: 06:18/18:46 i morgen: 06:53/19:24 **SOLA** opp: 09:37 ned: 15:11

## ÅPEN LINJE

Tel. **70 12 00 00**
SMS: **95 400 400,** kodeord: openline
eller til epost: **openline@smp.no**

## – Pakken var eit ultimatum

Tidlegare Frp-politikar Kjell Inge Bjørke frå Ulsteinvik reagerer på at KrF og Venstre ikkje blei einige med regjeringa om budsjett.

– Dei vil ta frå bilistane med begge hender. Bilpakken var eit godt kompromiss, og regjeringa vil ikkje opne denne. Den var eit ultimatum, seier han.

Bjørke meiner partia nærast har felt regjeringa.

## Registrering av køyredata

Øystein Storeide i Vanylven har fått fleire førespurnader etter han på Open line torsdag føreslo at ein ikkje kan køyre same bilen meir enn 10.000 kilometer per år.

– Det er blitt sagt at dette blir dyrt å handheve, men det treng ikkje skape meir byråkrati om kilometertalet blir registrert fram under fullt namn, når ein er på EU-kontroll kvart andre år. Har ein då passert grensa, så må ein la bilen stå, seier han.

«Åpen linje» er ein spalte for korte meiningsytringar, ikkje etterlysingar og takkemeldingar av privat karakter. Ytringane skal som i hovudregel setjast fram under fullt namn, og dette utan unntak når identifiserbare personar eller institusjonar blir kritiserte. Sunnmørsposten må vite kven innringaren er.





SE VÅR **EIENDOMSTJENESTE** PÅ

**smp.no**

**http://bit.ly/smpeiendom**

Her får du til enhver tid oppdatert informasjon om omsatte eiendommer de siste 30 dagene.

Du kan også se hva eiendommene har blitt solgt for tidligere.

Sunnmørsposten